



Magne Heggøy framfor servicebygget.

Magne Heggøy som driv Rabben Feriesenter saman med kona Tove, har mykje å hengja figurane i også før sesongen startar for fullt. Kwart år er det både vedlikehald og oppgraderingar som må gjerast. Denne våren har det mellom anna kome nytt kjøkken i to hytter og nytt bad i ei av dei.



To hytter har nyleg fått nytt kjøkken, ei har fått nytt bad.

Då uskedalen.no var innom fredag ettermiddag var Tove M. Heggøy i arbeid med stelling og planting i bed ved servicebygget for å pynta opp til 17.mai og til turistsesongen. Underteikna fekk omvisning i ei hytte som hadde fått nytt kjøkken. Det var både fint og praktisk med integrerte løysingar og store, gode skuffer. I tillegg var det kome nytt golvbelegg(vinylklikk).

I nabohytta var det kome både nytt bad og kjøkken. Den var opptatt, og feriegjestene sat på terrassen og nytte eit sjølvfiska fiskemåltid til middag. Dei var svært fornøgde der dei sat og kosa seg, og gav klart uttrykk for at dei syntest hytta var blitt veldig bra. Av Magne fekk eg vita at dette var gjester som var gjengangarar og hadde vore på Rabben mange gonger.

Det har også vore fornying av terrassar, kome nokre nye vidauge og nye ytterdører i nokre hytter. Magne Heggøy har gjort mykje godt vedlikhaldsarbeid dei seinare åra. Han seier at det er viktig å ta vare på hyttene som er der på ein best mogeleg måte på grunn av store kostnader med å byggja nytt. Dette året har han også bygt ny utvendig trapp på sanitærbygget. Først vart det tanken å bruka 2.etasjen som lager, men då han såg kor stort det vart, valde han å søkja om bruksendring. Han såg at det kunne verta ein grei hybel.

Elles er det eit velstelt Rabben Feriesenter som går ferietida i møte. Det er ikkje berre planting i beda som pågår. Plenen var også nyslått då eg var nedom. Magne fortel om godt belegg framover. Neste helg ventar han storinnrykk i samband med den årvisse elghundutstillinga her i bygda. Dei faste turistane kjem også, og då er dei 10 båtane med motor som er til utleige populære. Sjølv sagt håpar Heggøy på ein betre sommar enn i fjor. Får håpa han får det ønsket oppfylt!!



[Heggøy håpar på flott sommarver og stor aktivitet dei næraste månadene.](#)

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland